

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 17/5364-1

### **Ny driftskontrakt for Nordhordland 2018-2023 Standard på drifts- og vedlikehaldsoppgåver**

#### **Fylkesdirektøren rår hovudutval til å gjere slikt vedtak:**

1. Det vert følgjande vinterdriftsstandard:
  - a. Fv. 92 mellom Bjordal og Matre vert vinterstengt mellom avkøyring til Bjørkelia hyttefelt og Hestfossen i perioden 1. november – 1.mai. Strekinga skal driftast etter vinterdriftsklasse E.
  - b. Resten av fv. 92 mellom Hordaland grense og Hest skal ha vinterdriftsklasse D
  - c. Dei andre fylkesvegane innanfor kontraktsområdet i Sogn og Fjordane har vinterdriftsklasse C
2. Den kommunale vegen mellom Eivindvik og Sollibotn som skal omklassifiserast til fylkesveg inngår i utlysing av ny kontrakt.
3. Drift av ny veg til Skipavika inngår i driftskontrakt Nordhordland. Eksisterande veg, inkludert ferjekaia, blir kommunal og går dermed ut av driftskontrakten.
4. Det skal vere krav om kvitmaling av følgjande tunnelar i løpet av kontraktsperioden:
  - a. Fv. 1 Instefjordtunnelen
  - b. Fv. 1Hauglandtunnelen
  - c. Fv. 57 Nesatunnelen
  - d. Fv. 92 Bjordaltunnelen
  - e. Fv. 92 Søreidetunnelen
  - f. Fv. 92 Vamråktunnelen

#### **Andre relevante dokument i saka:**

Handbok R610 Standard for drift og vedlikehald av riksvegar

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

#### **Grunnen for at saka er fremja**

Driftskontrakt for Nordhordland gjeld for perioden 1. september 2013 – 31. august 2018. Statens vegvesen vil lyse ut ny driftskontrakt hausten 2017 for perioden 2018 – 2023, med oppstart 1. september 2018. Det er lagt opp til opsjon på 1 år.

I saka gjer vi greie for kva funksjonskrav, kva innsatsnivå og kva krav til tilstand eller krav til tiltak som vi vil legge til grunn i perioden 2018 – 2023.

#### **Historikk - tidlegare vedtak**

Ved utlysing av eksisterande kontrakt for Nordhordland 2013 – 2018 vart det vurdert om vegnettet i kontraktsområdet som ligg i Sogn og Fjordane skulle førast over til driftsområdet for HAFS-kontrakten. HAFS-kontrakten omfattar vegnettet nord for Sognefjorden. Det vart vurdert

som driftsmessig og økonomisk mest tenleg at gjeldande vegstrekningar vart liggande i driftsområdet for driftskontrakt Nordhordland. Sogn og Fjordane fylkeskommune avgjorde at ein for dette vegnettet skulle fortsetta praksis som tidlegare.

Statens vegvesen opplever at vegnettet innanfor denne kontrakten vert skjøtta på ein rasjonell og god måte. Ut frå dette er vi tilfreds med at gjeldande vegstrekningar vert liggjande innanfor driftsområdet for Nordhordlandskontrakten.

### **Omtale av kontraktområdet Nordhordland**

Dette inngår i driftskontraktane:

- Drift av drensssystem for å sikre vatn fritt løp
- Lapping og reparasjon av lokale skader i asfaltdekker
- Drift/vedlikehald av murar, støyskjermer, stabilitetssikring, kantstein, gjerder, rekkverk, skilt og anna vegutstyr, rasteplassar, leskur etc.
- Drift av grøntareal og skråningar
- Reinhold  
Inspeksjon, reinhold og reinsk av tunnelar
- Trafikkberedskap
- Inspeksjon, reingjering og enklare vedlikehald av bruer og kaier
- Vinterdrift

Det blir stilt krav til beredskap, og entreprenøren skal kunne rykke ut og foreta nødvendige avsperringar og eventuelt skilting av omkøyringsvegar. Dette for å ivareta trafikkavvikling på ein trygg og god måte.

Entreprenøren skal etablere beredskap der han heile året skal rykke ut med nødvendig materiell, dette etter gitte krav ut frå kva trafikkmengde vegen har.

Dette inngår ikkje i driftskontraktane:

- Dekkefornyningar
- Oppmerking
- Drift av belysning (inngår i driftskontrakt elektro)
- Vedlikehald av trafikksignalanlegg og andre trafikkstyrings- og overvakingssystem (inngår i driftskontrakt elektro)
- Større vedlikehaldsarbeid på t.d. drens- og avløpsanlegg, tunnelar, murar, bruer, kaier etc.
- Investeringsoppgåver

### Vegnettet

Vegstrekningane i Sogn og Fjordane som vert drifta gjennom denne kontrakten omfattar fylkesvegar i Gulen kommune, samt dei vegane i Høyanger kommune som ligg sør for Sognefjorden.

Driftsområdet i kontrakten består av 840 km veg fordelt slik:

- 95 km riksveg (E39 Åsane – Oppedal)
- 505 km fylkesveg i Hordaland
- 240 km fylkesveg i Sogn og Fjordane  
(det er ikkje gang- og sykkelvegar i Sogn og Fjordane i denne kontrakten)

### **Ny driftskontrakt Nordhordland 2018-2023**

#### Dagens driftsstandard

Sogn og Fjordane fylkeskommune har bestemt at fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane skal ha ei drift og eit vedlikehald i samsvar med standardkrav gitt i vegvesenet si handbok R610 "Standard for drift og vedlikehald". For ytterlegare informasjon om handbok R610, visast det til fylgjande link; [Håndbok R610 Standard for drift og vedlikehold av riksveger](#)

Vi opplever at det omtalte vegnett har ein god driftsmessig standard. Statens Vegvesen får svært få klager frå brukarane av vegnettet.

Med unntak for del av fv. 92 mellom Matre og Bjordal ligg heile vegnettet i låglandet.

#### Vinterstrategi

I ny handbok R610 er vegnettet inndelt i klasser for vinterdrifta. Driftsklasse A og B er tilnærma barvegstrategi. Driftsklasse C er tilnærma mellomstrategi og Driftsklasse D og E er tilnærma vinterveg:

#### Køyrevegar:

Vinterdriftsklasse A – DkA:	Godkjent føreforhold er berr veg (tørr eller våt).
Vinterdriftsklasse B – DkB:	Godkjent føreforhold er berr veg (tørr eller våt), hard snø/is er tillate utanom hjulspor i avgrensa tidsrom.
Vinterdriftsklasse C – DkC:	Godkjent føreforhold er bar veg (tørr eller våt) i milde periodar og hard snø/is i kalde periodar.
Vinterdriftsklasse D – DkD:	Godkjent føreforhold er hard snø/is.
Vinterdriftsklasse E – DkE:	Godkjent føreforhold er hard snø/is. Friksjon ned til 0,20 er akseptert. DkE skal ikkje nyttas på riksveg.

Alle fylkesvegar for Sogn og Fjordane innanfor kontraktområdet har vinterdriftsklasse DkC, med unntak av fv. 92 mellom Matre og Bjordal, som i dag har vinterdriftsklasse DkD på strekninga «Hordaland grense» og til «Hest». Vi foreslår at den delen som skal vinterstengast vert redusert til vinterklasse DkE.

#### Aktuelle driftsendringar:

##### ***Vinterstenging for del av fv. 92 Bjordal – Matre – frå 1. november til 1. mai.***

I samband med innsparingsaka SFj2019 er det gjort vedtak om å vinterstenge strekninga mellom avkøyringa til Bjørkelia hyttefelt og Hestfossen på vegen mellom Bjordal og Matre. Det er venta at dette tiltaket vil gje ei årlig innsparing på om lag kr. 500 000.

Statens vegvesen er samde i avgjerda om å vinterstenge denne vegen som eit innsparingstiltak, og kan ikkje sjå at dette tiltaket vil gi vesentlig negativ samfunnsmessig konsekvens.

Vegen har i dag vinterdriftsklasse DkD. Statens vegvesen forslår at vinterdriftsklassen blir endra til klasse DkE for den delen av vegen som skal vinterstengast. I den grad det er vinterføre utanfor tidsrom for vinterstenging vil godkjent føreforhold vera hard snø/ is – friksjon ned til 0,20 akseptert. Brukarane av vegen vil kunne oppleve dette som «glatte» vegar.

#### Overtaking av kommunal veg mellom Eivindvik og Sollibotn

Det er tidlegare gjort vedtak om at denne vegen skal omklassifiserast til fylkesveg. Før dette trer i kraft skal Gulen kommune utføra nokre utbetringstiltak. Statens Vegvesen er i prosess med Gulen kommune vedrørande dette, og reknar med at omklassifiseringa er gjennomført før oppstart av ny driftskontrakt.

Vegstrekninga som skal omklassifiserast til fylkesveg er på om lag 2900 meter. Dette vil auke årlege driftskostnader med om lag kr 300 000.

#### Fylkesveg 4 - ny vegtrase mellom Skipavik ferjekai og Mjåsund bru

Eksisterande fv. 4 ligg på den vestlege sida av Sandøy. Det blir bygd ny veg til Skipavika på den austlege sida av øya. Den nye vegen skal klassifiserast som fylkesveg og eksisterande fylkesveg skal omklassifiserast til kommunal veg. Dette er i samsvar med FT-vedtak 9/17 pkt. 5 der det står som følgjer:

Når ny veg til Skipavika er teken opp som fylkesveg, skal eksisterande fylkesveg 4 frå Ånneland til Skipavika, samt ferjekai, omklassifiserast til kommunal veg i den stand vegen og kaia er på overføringstidspunktet.

Det vert difor føreslege å legge til grunn at drift av ny veg til Skipavika skal inngå i den nye driftskontrakten for Nordhordland. Eksisterande veg, inkludert ferjekai, blir kommunal og vert teken ut av driftskontrakten.

Aktuelle vedlikeholdstiltak**Kvitmåling av tunnelar**

Det er fleire tunnelar i området som er utan lys og som blir mykje brukt av mjuke trafikantar (gåande og syklande). I 2016 kvitmåla vart fire slike tunnelar kvitmåla, og det er gode tilbakemeldingar frå brukarane av vegen at slike tiltak gir ei betre tryggleikskjensle i tunnelane. Med den spreidde busetnaden som er i dette området utan andre alternativ for mjuke trafikantar, meiner Statens vegvesen at det særst viktig at tunnelane får kvitmaling.

I kontrakts perioden bør fylgjande tunnelar kvitmålast:

Vegnummer	Tunnelnamn	Lengde på tunnel
FV1	Instefjordtunnelen	538
FV1	Hauglandtunnelen	838
FV 57	Nesatunnelen	44
FV 92	Bjordaltunnelen	1552
FV 92	Søreidetunnelen	1881
FV 92	Vamråktunnelen	241

Vi reknar med at dette tiltaket vil ha ein årleg kostnad på om lag kr 500 000. Det ligg ikkje inne kvitmåling av tunnelar i inneverande driftskontrakt, men fire tunnelar har blitt kvitmåla som tilleggskjøp i kontrakten.

**2. Vurderingar og konsekvensar****Økonomi- og budsjettkonsekvensar**

Samla kostnader som må påreknast (estimert):

Årleg kostnad (tal millionar inkl. mva.)

<b>Kontraktpris eksisterande kontrakt 2013-2018 (kroneverdi 2017)</b>	<b>19,2</b>
<b>Endringar drift</b>	
Vinterstengt fv. 92 Matre-Bjordal 1. november - 1. mai	-0,5
Klassifisering av kommunal veg til fylkesveg – Eivindvik til Sollibotn	+0,3
Ny vegtrase for fv. 4 mellom Skiparvik og Mjåsund	0
Endringar vedlikehald	
Kvitmaling av 6 tunnelar	+0,5
<b>Sum kostnader pr. år (tal millionar inkl. mva. – 2017 kroner)</b>	<b>19,5</b>

Ut frå dette reknar vi med at Sogn og Fjordane sin del av ny driftskontrakt for Nordhordland 2018-2023 vil vere i storleiken 97,5 mill. kr.

**3. Tilråding**

Fylkesdirektøren er samd i vurderingane til Statens vegvesen. Vi vil følgje opp tidlegare vedtak om å vinterstenge fv. 92 mellom Bjordal og Matre. Vi sende brev til kommunane Masfjorden og Høyanger, samt Hordaland fylkeskommune, om dette 1.6.2017. I dag har fv. 92 vinterdriftsklasse DkD. Fylkesdirektøren tilrår at vinterdriftsklassen blir endra til DkE for den delen av vegen som skal vinterstengast.

Fylkesdirektøren legg til grunn at omklassifiseringa av dagens kommunale veg mellom Eivindvik og Sollibotn vert ferdigstilla, og skal inngå i Nordhordlandskontrakten frå 1.9.2018. Tilsvarende skal ny fv. 4 til Skipavika driftast gjennom kontrakten når denne vert overteken av fylkeskommunen, og eksisterande fv. 4 til Skipavika, inkludert ferjekaia, blir kommunal og vert teken ut av driftskontrakten.

Trafikktrygging er viktig, og fylkesdirektøren er samd med statens vegvesen om at fylgjande tunnelar bør kvitmålast i kontraktsperioden:

- a. Fv. 1 Instefjordtunnelen
- b. Fv. 1Hauglandtunnelen
- c. Fv. 57 Nesatunnelen
- d. Fv. 92 Bjordaltunnelen
- e. Fv. 92 Søreidetunnelen
- f. Fv. 92 Vamråktunnelen